

# SØKNAD OM TILSKUDD TIL VERDISKAPING BASERT PÅ NATURARVEN - 2024

Foretaksnavn NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK

## Kontaktperson

Navn: Snædis L Bjarnadottir

## Økonomisk aktivitet og kryssfinansiering

Søker utøver økonomisk aktivitet? Nei

## Utfyller

Navn: Snædis L Bjarnadottir

Mottaker: Miljødirektoratet

Kopimottaker: Statsforvalteren i Vestland

SØKNAD

REFERANSENR.: 24S7E71D

## Tryggleikstiltak i Aurlandsdalen 2024

I hvilket fylke skal tiltaket gjennomføres? Vestland

### Kartelementer markert i kart (kart kan sees i søknaden på søknadssenteret)

Type	Navn	Beskrivelse	Koordinater (nord/øst) UTM33
------	------	-------------	---------------------------------

Anslå varighet for tiltaket: 01.02.2024 - 30.11.2024

### Beskrivelse av tiltaket:

Me søker med dette om midlar for å kunna kjøpa tenester av handverkarar, kjøpa inn satellitt telefon og delfinansiering av helikopterhiv. Me ser på dette som tryggleikstiltak til gjestane våre og ivaretaking av natur- og kulturverdiane. Sjå i vedlegg meir detaljar; kart, bilete og tidsestimat på kvart tiltak.

### Behovet:

Det er ei rekke tiltak som trengst å gjerast for å ivareta stien som eit kulturminne og for å syta for trygg ferdsel til gjestane våre - t.d. ein mur sig ut og trenger oppatt muring og nokon trinn trengs å festast igjen. I denne omgang søker me i hovudsak om stønad til tryggleikstiltak. Sjå vedlagt oversikt med kart, bilete og estimert tidsbruk - Tiltaksoversikt med kart, bilete og estimert tidsbruk - 2024 - 2

### Bakgrunn:

Det er eit overordna mål for «Aurlandsdalen kulturlandskap» å ivareta stien med det autentiske kulturhistoriske landskapet og naturverdiane på ein god måte for framtida. Med andre ord; å ivareta Aurlandsdalen som klassisk turmål.

Me har fått midlar frå Miljødirektoratet til blant anna å gjennomføra sårbarheitsanalyse, brukarundersøking og besøksstrategi. Strategiar, målsettingar og tiltaksdel nærmar seg å vera klare, slik at den kan

vidaresendast til kommunen og fylkeskommunen. Det er einigheit om at tryggleikstiltak er viktigast å ta tak i, og ynskjer me å jobba med det i 2024.

Kunnskapsgrunnlaget til Besøksstrategien peikar blant anna på at gjesten oppsøker området på grunn av det autentiske kulturlandskapet og kontrastrike naturlandskapet med små og store opplevingar langs stien. Sårbarheitsanalyse peiker på at det er ein fordel å syta for god framkomst og tydeleg merka sti slik at naturkvalitetane rundt stien vert skåna for slitasje og unødvendig forstyrring.

Engasjement og frivillig arbeid er grunnpilarane våre, og styringsgruppa er pådrivaren. Nesten all aktivitet er dugnadsbasert, difor trengst det å prioritera innsatsen vesentleg - til tryggleikstiltak i år. Det er bakgrunnen til at me i denne omgangen søker om midlar i hovudsak for tryggleikstiltaka og satsar på å få gjennomført andre ivaretakingstiltak etter kva kapasitet hjå dugnadsgjengen og eventuelle tilskot gir høve til.

#### **Beskriv samarbeidspartnere:**

Samarbeidsgruppa Aurlandsdalen kulturlandskap (før Nye Aurlandsdalen) har over mange år jobba med allmenntytte føremål i Aurlandsdalen. Hovedfokus i arbeidet har stort sett vore å syta for at stien er farbar og ivareteken som ein kløvveg.

Aurlandsdalen kulturlandskap er ei styringsgruppe for arbeidet i Aurlandsdalen. Den vart tidlegare kalla Nye Aurlandsdalen. Det er ei uavhengig gruppe, som skal ivareta fellesskapet sine interesser. Den skal ha rep.

Frå: Venner av Aurlandsdalen, grunneigarane, Hafslund-ECO, Næringslivet, DNT Oslo og omegn, Sinjarheim SA. Nærøyfjorden verdsarvypark er prosjektkoordinator for denne gruppa.

#### **Hvem er målgruppen og hvilken bruk ser man for seg?**

Brukargruppa av stien er brei; lokale, barnefamiljar, eldre, skuleklassar, innan- og utanlandske gjester...

Brukarundersøkinga vår bekrefta breitt aldersspenn og variert turerfaring. Kort oppsummert:

- 74% var førstegangsbesøkande

Kor kjem de i frå:

- 77% som svarte var norske. Av norske gjester kom fleste frå Oslo området og Bergen

- 23% som svarte var utanlandske. Av de kom aller fleste frå Europa

Kven de reiser med:

- Reiserfølge gjerne partnar/ektefelle, familie eller vener

11% på organisert tur

- 9% reiste aleine

Erfaring:

- Fleirdagstur gjester; 9% på sin første fleirdagstur = generelt turerfarne gjester

- Dagstur gjester; 18% aldri gått fleirdagstur = litt mindre turerfarne gjester

#### **Hvordan bidrar tiltaket til bred verdiskaping med langsiktig positiv effekt på natur, lokalsamfunn og næringsutvikling?**

Igjennom prosessen med å laga Besøksstrategi oppdaga me t.d. mangel på «verdiskaping/inntjening» hjå dei som held på med ivaretakingsarbeidet i Aurlandsdalen. Difor vart det sett i gang eit 3 årig testprosjekt (støtta av fylkeskommunen) med vertskapsprosjekt på Sinjarheim i 2022. Dette prosjektet skulle testa ut enkel servering (inntening), tryggleikstiltak (for gjesten) og formidlingstiltak (auka opplevingskvaliteten) - og førebels anses som vellykka.

Midlar til satellitttelefon som skal plasserast på Sinjarheim er eit tryggleikstiltak som me ynskjer å satsa på sidan det er ikkje telefondekning på den mest krevjande strekningen på turen, der det er fleste uhell og utmattings-redningsaksjonar (Sinjarheim til Vassbygdi). Me ser at det er ikkje den store innteninga med vertskapsprosjektet, men at det har stor verdiskaping knytt til opplevinga hjå gjestane, og me ser at det

har stor verdi som tryggleikstiltak. Den vesle innteninga gjer likevel at me kan stilla med ein liten eigenandel i omsøkt stønad. Difor vil me gjerne satsa på å vidareutvikla testprosjektet til å bli ei permanent satsing.

**Hvem eier grunnen der tiltaket skal gjøres (dersom det er et fysisk tiltak):**

Det er mange grunneigarar til ferdselsåra i Aurlandsdalen. Om ynskja kan grunneigarliste ettersendast.

**Hvem skal eie og vedlikeholde tiltaket i etterkant/hvordan skal arbeidet videreføres:**

Venner av Aurlandsdalen er ei dugnadsgruppe som var oppretta til å ivareta ferdselsåra i Aurlandsdalen. De jobbar årleg om lag 300 dugnadstimar knytt til dalen; om det gjeld stiarbeid, div.møter eller planleggingsarbeid.

I utgagnspunktet er det grunneigarane som eier tiltaket men sidan ferdselsåra vert såpass mykje brukt av almenta er det Venner og NVP som følger opp.

**Nærmere beskrivelse ihht. Naturmangfoldloven:**

Omsøkte tiltak er ikkje nye men meir retta mot ivaretaking av den gamle ferdselsåra slik at den er tryggast mogleg for gjestene i dalen. Ved å ivareta sjølve ferdselsåra skånar me naturverdiane og er det ein anbefaling frå sårbarheitsanalysa me fekk på plass.

**Fremdriftsplan:**

Når nok midlar er på plass vert innkjøp og bestilling av arbeidskraft satt i gang. Vertskapsprosjektet startar ca 2 veka i juli og pågår etter som me får dugnadspersonar på plass utover hausten.

Stiarbeidet vert satt i gang så fort natur tilhøyve gir lov og handverkarane har kapasitet innan 30.nov.

## Budsjett

Kostnader	Beløp
Helikopterhiv	25 000
Innkjøp av materialer t.d. Satelitt telefon, abonnemang og kamstål	41 150
Innleigd arbeid	144 250
Prosjektkoordinering - søknads/rap., møter, leiing, synfaring osv.	43 450
Dugnad - t.d. veiting i myrområder, forberedelser, møter osv.	18 000
10% uforutsette kostnader	25 000
<b>Sum kostnader</b>	<b>296 850</b>

Finansiering	Beløp
Samlet kostnad	<b>296 850</b>
- Egne midler	78 500
- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	70 000

**Beskrivelse av annen finansiering må oppgis når det er oppgitt beløp under andre offentlige tilskudd eller annen finansiering:**

Me har søkt 40 000,- til Hafslund ECO og Venner av Aurlandsdalen v/ Vertskapsprosjektet kan stilla med 15 500,-

Om me ikkje får ja på Nasjonalturiststi søknaden vår så håpar me at me får ja her (me søkte ca 60% finansiering til Miljødir.) , og at me sender ut fleire søknader på mindre beløp til fleire partar.

**Beskriv hvordan krav om egenfinansiering løses?**

Egenfinansiering vert løyst med arbeidsinnsats hjå Nærøyfjorden verdsarvpark til administrative ting, Dugnad der Venner av Aurlandsdalen (VA) og DNT Oslo stiller med arbeidstimer

VA stiller med pengar som har komet inn via Vertskapsprosjektet,

Bidrag frå Hafslund ECO og

Eventuelt bidrag frå andre næringsaktørar.

**Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja****På hvilken måte?**

Med å fjerna nokon tiltaka frå lista. Me har lagt inn i denne søknaden tiltak som me meiner er de viktigaste frå tiltakslista vår (som er lang).

**Minste tilskuddssum for gjennomføring: 80 000****Eventuelle merknader:**

OBS - me har lagt inn søknad til Nasjonale turiststi ordninga om 60% finansiering av tiltak. Det er det optimale for tiltaksplanen i 2024. Ellers så kjem det til å ta tid og skriva mange søknader i tillegg til denne og Hafslund ECO sin.

Me er takksame for midlane me har fått så langt for ivaretakingarbeidet - og me høyrer frå våre gjestar at de er det også!

**Vedlegg**

 Tiltaksoversikt med kart, bilete og estimert tidsbruk - 2024 - 3.pdf (Prosjektbeskrivelse)

 Aurlandsdalen - Besøksstrategi - SKISSE 11 10 2023.pdf (Annet)

 **Snædis L Bjarnadottir for NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK**

Lever 11.01.2024